

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 06.12.2023

Stad: Flåm Marina

---

Sak 34/23. Fornyning av partnarskapsavtale mellom fjellstyret og skulane i Aurland

### **Saksopplysning/vurdering:**

Aurland fjellstyre har arrangert fiskedagar med barneskulane i Aurland sidan slutten på 1990-talet. Attendemeldingane frå elevar, skule og lærarar har vore, og er veldig positive.

Førre avtale om partnarskap var for perioden 2018-2023, og avtala skal difor fornyast. Den 13. november var det eit evalueringsmøte kor Flåm skule v/ rektor og Aurland barne- og ungdomsskule v/inspektør møtte. Knut Fredrik Øi representerte Aurland fjellstyre. Avtala vart gjennomgått og nokre små endringar vart gjort. Til dømes er det no føreslege å ha eit kombinert evaluerings- og planleggingsmøte før sommarferien. På den måten kan me samordna skulane og klassane på ein betre måte, både sosialt og med tanke på transport og kostnader. Flåm skule vert no også formelt med i avtala. Tidlegare har det berre vore ABU og Aurland fjellstyre som har signert avtala. Avtaleutkastet ligg ved.

Avtaleframlegget har vore på intern høyring på Flåm skule og ABU, utan ytterlegare kommentarar.

Fiskedagane er gratis for skulane. Aurland fjellstyre søker ut midlar frå Miljødirektoratet/Fjellstyresambandet til å dekkja bussutgiftene. Det burda vera mogleg å henta ut meir eksterne midlar til fiskedagane, slik at også personalkostnadane kan dekkast.

### **Framlegg til vedtak:**

Den framlagde avtala vert godkjend og gjeldande for perioden 2024-2028.

Fjellstyrekontoret, den 01.12.2023

Knut Fredrik Øi

## PARTNARSKAPSAVTALE MELLOM SKULANE I AURLAND OG AURLAND FJELLSTYRE (AF).

Skulane i Aurland går med dette inn i partnerskap med Aurland Fjellstyre.

- Avtalen går ut på at partane skal ha eit fast samarbeid som skal gje elevane opplevingar i fjellet og større innsikt i bruk og forvaltning av fjellvatna i Aurland.
- Målsetjinga er å gje elevane større forståing for lokale ressursar og at god forvaltning er ein føresetnad for å ta vare på ressursane også i framtida.
- Partane skal arbeide avtalen inn i sine planar, og ha ein årleg diskusjon for å evaluera, betra og vidareutvikla samarbeidet.
- Opplegget skal verta lagt til rette for ulike behov i gruppa.
- Evt bruk av bilder må AF avklara med skulane på førehand.
- Avtalen gjeld for perioden 2024-2028.

Klasse:	Tid:	Tiltak:	Ansvar:
1. og 2. klasse	August/ September	Fisketur til Stemmerdalen. Dato vert sett i evalueringsmøtet om våren. Adm på Abu og Flåm tingar buss sjølve der det vert presisert at rekninga skal sendast direkte til AF.	Inspektør på Abu og rektor på Flåm.
3. og 4. klasse	August/ September	Fisketur til Stemmerdalen. Dato vert sett i evalueringsmøtet om våren. Adm på Abu og Flåm tingar buss sjølve der det vert presisert at rekninga skal sendast direkte til AF.	Inspektør på Abu og rektor på Flåm.
7. klasse	August/ September	Fisketur med fokus på forvaltning og prøvefiske. Turen kan vera med overnatting. Dato vert sett i evalueringsmøtet om våren. Adm på Abu og Flåm tingar evt buss sjølve der det vert presisert at rekninga skal sendast direkte til AF.	Inspektør på Abu og rektor på Flåm.
1. – 7. klasse	September/ Oktober	AF vert invitert til haustfest på Abu. Elevane på Flåm vert invitert.	Lagleiar 1.-7.

Avtalen skal evaluerast årleg i mai/juni. I dette møtet vert det avtala datoar for komande haust og om det let seg gjera at elevar frå baa skulane deltek på opplegget samstundes.

Kontaktperson i AF:

Knut Fredrik Øi, tlf: 93059637, e-post [knutfredrik.oei@fjellstyrene.no](mailto:knutfredrik.oei@fjellstyrene.no)

Kontaktperson på Abu:

Monika Hartveit, tlf: 97118492, e-post: [monika.hartveit@aurland.kommune.no](mailto:monika.hartveit@aurland.kommune.no)

Kontaktperson på Flåm:

Björg Skahjem, tlf: 95781444, e-post: [bjorg.skahjem@aurland.kommune.no](mailto:bjorg.skahjem@aurland.kommune.no)

Dato: 13.11.2023

---

Aurland Fjellstyre

---

Abu

---

Flåm

## **Vedlegg 1** til partnerskapsavtale mellom skulane i Aurland og Aurland fjellstyre.

Partnerskapsavtalen og vedlegget vert gjennomgått på første lagmøte i august.

### 1.-4. klasse:

- Elevane i 4. klasse er med på å trekkja garn som AF har sett ut på førehand.
- AF har ansvar for å ta med redningsvestar.
- Elevane på land har fokus på fisken i garnet. Læraren er aktiv med på å ta fisken ut av garnet, sløya fisken og reia garna.
- Det er positivt at ein brukar same plass kvart år. Ungane vert kjende, og dei kjem til kjende leikeplassar, difor er det også viktig å setja av tid til frileik.
- Det er hyggeleg at bålet er tent når ein kjem. Ein har fokus på mat med fjellaure som tema. Dette er ein pølsefri dag. Fisken i garna kan ein sløya og steika på steinhelle ved bålet.
- AF har ansvar for å ta med knivar å sløya med.
- Å vise/prøve oterfiske kan vera eit spennande innslag.
- 3. klasse har ei læringsøkt om fjellplanter. Læringsøkta skal vera førebudd.
- 4. klasse har ei læringsøkt om næringskjeder.
- Klassane føl opp opplevingane i fjellet gjennom tekstskaping, teikningar...
- Føresette har ansvar for at elevane er kledd for fjellet. Høvelege klede skal vera tema på foreldremøta.
- Elevane skal ikkje ha med eiga fiskestong.
- Det er fint å ha med føresette/besteforeldre.

### 7. klasse:

- AF og kontaktlærer avtalar om turen skal vera med overnatting eller ikkje. Aktuelle overnattingsstader kan vera: Mælane, Kongshelleren eller Holene.
- Føresette har ansvar for at elevane er kledd for fjellet. Høvelege klede skal vera tema på foreldremøtet.
- AF har ansvar for å ta med redningsvestar.
- AF har ansvar for å ta med knivar.
- Elevane skal ikkje ha med eiga fiskestong.
- AF set ut prøvegarn på førehand. Elevane lærer om prøvefiske og tek målingar. Det er viktig at lærar er aktivt med i målinga av fiskane og reiinga av garna.
- Elevane og vaksne reknar ut K-verdi og vurderer resultatet.
- Elevane lagar PP og viser på foreldremøtet og på haustfest.

Oppdatert 13. november 2023